

Dato 13.2.14	Elevkode 1604	Kjønn: jente ☐ gut ☒	Det første språket du lærte: norsk ☒ anna ☐	1. utkast
-----------------	------------------	--	---	-----------

Ingen lekser

Det er ikkje bra med lekser. Mange mister sjølvtrillit av lekser.

På ein skule i Lofoten har dei ikkje hatt lekser på tolv år. Og dei har betre landsgjennomsnittet. Ingen har gitt uttrykk for at de ikkje er fornøyd med dette. Lekser er gammaldags, det blei gitt når lærarar reiste rundt i Noreg for å læra elevane ting. Da blei det gitt lekser slik at dei hadde noko å gjer når læraren var borte for å undervisa andre elevar.

Dette er noko som heng at frå når skulane starta i Noreg. Kvifor har me enda denne form for «undervisning» her i Noreg? Det er fordi skulesystemet er lagt opp slik att elevane må ta med seg heimearbeid. Lærarane kjem ikkje igjennom all pensum på skulen. Det gjorde at mange klassar blei større og lærarane fekk mindre tid på kvar einskilt elev og hang etter når det gjaldt pensum. Det gjer at lekser blir gitt i dag, og dette vil vi gjere noko med. Det har seg slik at elevar lærar lite av lekser, dette er noko som blir slått fast i ein rapport som er gjort av John Hattie. Der blir det konkludert med at lekser gir ikkje betre karakter. Så det som skjer da er at elevar sitt med lekser heima gjerna i fleire timar utan at det har nokon fordelar. Dette er noko som må bli tatt seriøst, kvifor gje elevar lekser når det ikkje har noko nytte? For 90 år sidan fekk arbeidarar i Noreg lovfesta at dei skal kunn vær 8 timar på jobb. Men kvifor har ikkje elevar det slik? Det er ikkje noko som seier kor lenge ein elev skal jobba, ofte er ein på skulen frå 09:00 til 14:30, så må ein jobba heima med lekser. Kvifor har det seg slik at det ikkje skal vær ei slik lov for ein som er elev? Det er få arbeidarar som tek med seg jobben heim, når dei er ferdig på jobb så slepp dei å tenkje på at dei må jobbe meir. Men når ein skuleelev går ut av skulen så er han ikkje fri, sidan han må gjer lekser når han kjem heim. Dette er noko som gjer at elevar blir ikkje så motiverte for å gå på skule. Dette gjer at mange droppar ut av den vidaregåande skulen, sidan da blir enda meir teori og det gjer at det blir meir heimearbeid.

Derfor må det bli slutt på lekser.